



Jan Remy Larsen  
Naustdalslia 1  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3758 - 18/2790

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
30.01.2018

## Løyve til etablering av garasje - gbnr 196/162 Midtgård

### Administrativt vedtak. Saknr:

**Tiltakshavar:** Jan Remy Larsen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 46,8 m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) ca. 49,6 m<sup>2</sup>. Utnyttingsgrad er opplyst til 14,73 % BYA.

Det vert elles vist til søknad motteken .

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Leiknes Midtgård gnr. 196 bnr 4 og plan-id 1263-15122005 er definert som bustadområde.

Tomta ligg innafor området FS8 der utnyttingsgrad er satt til 25 % BYA.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.  
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 17.12.2017.  
Garasje er plassert utafor regulert byggjegrænse i plan.

### Vurdering:



Det går fram av reguleringsføresegn 3.2 «Garasje/carport kan byggjast inntil 2 m frå vegkant når denne ligg langs vegen. «

Omsøkte garasje er plassert langsgående tomtegrensa og med ei minste avstand til veg på 3,5 m og 5,5 m i frå midtveg. Slik søknad ligg føre vil ikkje garasjen vere til hinder for sikta, korsje for omsøkte tomt eller for biler og gåande langs vegen.

#### Vatn og avløp (VA)

Det er ikkje søkt om etablering eller endring av vatn- og avlaupshandteringa.

#### Tilkømt, avkjørsle og parkering

Eigedommen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Avkjørsle til offentleg veg følgjer av godkjent reguleringsplan.

#### Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser uteoppfallsareal, gangtilkomst, garasjeplassering og avkjørsle.

#### Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

#### Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

#### Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 [bokstav] vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av garasje på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 17.12.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

- *Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.*

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan

fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: **17/3758**

#### *Ansvar*

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### *Bortfall av løyve*

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

#### *Avfall*

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

#### *Ferdigstilling*

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Jan Remy Larsen

Naustdalslia 1

5915

HJELMÅS